

VIGSLEFESTEN AV

DET NYE HELGHEIM

11. MARS 1934.

av

Lars P. Haugland
(for byggjenemndi)

Utgeiding frå byggjenemndi på vigslefesten av det nye Helgheim

11 mars 1934

Uskedal Ungdomslag var eit av dei fyrste som var skipa her i fylket. Og like so visst var det eit av dei fyrste lag som fekk eige hus. Eg skal kje hefta meg mykje med laget si soge,- det vil truleg andre gjera. Kan verre nemna at laget vart skipa hausten 1888. Og laget hadde kje arbeidt mange åri før spursmålet um eige møterom melde seg. Det gjekk vel som det best kunde dei fyrste åri,- både med møterom og arbeidet elles. Men trass alt,so får vi tydeleg forståing av at dei kvinnor og menn som stod attum ungdomsarbeidet i denne fyrste tidi,gjorde godt arbeid. Ja, eit arbeid som lagde grunnlaget for det som seinare har vorte gjort.

Men tanken til eige møtehus vaks med åri,og då laget nådde kongfirmasjonsalderen 14 år,i 1902 kunde laget halda vigslefest for eige hus. Og det var eit møtehus som etter tilhøvi då var like stort som det vi festar for i dag. Det var kje mange ungdomslag som hadde maken den tid.

Lagsarbeidet frå denne tidi og frametter har nok hatt meir å sagt for bygdi sin framgong og utvikling enn mange vil tru i dag.

For idell ,- opphavet til so mangt eit godt fyretak kom frå ungdomslaget og vart grundig dryfta før det vart til røyndom.

Men bygdi vår vaks og ungdomsflokken vaks og dermed vart gamle Helgheim for trangt og lite. Det førde til at kravet um meir melde seg med større styrke etterkvart.

Og so for eit års tid sidan valde laget ei nemnd som skulde taka seg av husspursmålet,og koma med planar og kostnadsyverslag for det dei fann måtte gjerast.

Nemndi vart tilsist på 6 menn,nemleg T.M.- A.E.-S.O.-S.D.- J.R. og L.H.

Etter laget si økonomiske stode kunde kje nemndi råda laget til å byggja nytt hus.Ein fekk heller ~~grix~~ freista med ei større utviding av det gamle,- og då soleis at ikkje alt var spillt arbeid då den dagen kom at laget reiste seg nytt hus.

Tanken var soleis stutt sagt den at vi skulde byggja ein tidhovleg kjellar og skruva det gamle oppå,og med å byggja åt det gamle både i lengd og breidd skulde laget greida seg ei tid frametter til det lagde seg med pengar og betre tider.

2.

Men når folk fekk sjå dei svære kjellarmurane, so tykte dei at det var no so som so med å setja det gamle huset oppå so svære greide. Og byggjenemndi fekk høyra like mange måtar å ordna dette på som det var dagar i eit år.

Tanken om å selja det gamle huset, hadde vore uppe fyrr, -men no såg det ut til at vi skulde få kjøpar og.

So vart då det gamle Helgheim selt til øvtekrisen som grenda-hus der og dermed var byggjenemndi sin fyrste plan vel i hamn. No var det nytt hus som skulde til og nemndi tok straks til på arbeidet.

Fyrst var det pengespursmålet. Albe var kår yver at her måtte lånast pengar, og det er ikkje så liketil i denne tid. Kvinnhers-banken sa seg viljug å låna det som trongst, mot turvande garantistar. Me bad om eit lån på 4,500,- mot pant i huset.

Eit lite halvt hundrad av bygdi sine beste menn var garantistar. Dermed var pengespursmålet greidt og nemndi vende seg so til ingeniør Meidel og bad han hjelpa oss med teikningar og ymse utrekningar. Dette var han viljug til og han gjorde arbeidet slik at både nemndi og laget godkjende arbeidet hans.

Her vil eg skjota inn at det var ikkje so greidt og liketil å setja upp ein teikning åt eit tidhøvleg ungdomshus når murane var uppsette fyrr.

Men det synte seg soleis som byggjenemndi i tanken sin såg det nye huset som vilde koma, - soleis såg arkitekten det, og kunde soleis arbeida ut sine yverslegne teikningar på grunnlag av det som var gjort fyrr.

Det vekte ikkje lite diskusjon millom folk kva byggjemåte som skulde veljast, -anten timbra eller peila det upp.

Nemndi kalla saman til folkemøte og det gav nemndi fleirtal for at huset skulde peilast. So var det avgjort og nemndi vende seg til fleire trelastfirma, las og dørfirma og bad om pristilbod. Det førte til at me tinga glas hjå Uskedalen dør og vindusfabrikk. og trelasten hos Uskedalen trelastlager. Og byggjar slapp vi or bygdi etter. Me var i so måte betre stilt enn sjølve kong Salemon. Han laut like til Hiram kongjen av Tyrus for å finna snikkar og timbermenn som var førde til å byggja det store tempelet.

3.

Vi leigde fire faste byggjarar, nemleg J.W.-A.E.-S. . N.E. og sette Johs. Wang til leiar. Desse karane arbeidde trufast og fredeleg utan sverd ved lend. For vi rekna med ein her av våpendragarar. Og det slo til. Kvar gong det røynde på og det trongst, kom det gilde karar frå alle kantar av bygdi for å hjelpa til. Eg kann berre nemna at da taket skulde leggjast, var det vandt for alle å sleppa til, endå taket vart lagd på baa sidor med ein gong.

Ein mann som for framom såg på fråstand og sa at det såg ut som ein flokk med stare som hadde slege seg ned, ikkje berre på taket, men oppetter alle stegar og rundt heile huset. Og ein agent som for framom ein kveld, hadde spurt om det var ein tunnefabrikk han hadde pasert.

Ja, arbeidet har gjenge laust for då jolehelgi kom, hadde me huset under tak og utan at ein einaste regndrope hadde henda eller skadd arbeidet.

Seinare har arbeidet gjenge med liv og lyst og nemndi vil gjerne ha sagt at dei hjelpande vart mange fleire enn me hadde venta oss. Det vil de nok skyna når eg kann fortelja at her er nedlagt 490 friviljuge dagsverk. Eg trur det lyt fara vidt før ein finn maken til offervilje og samarbeid.

Det gode samarbeidet og offerviljen, er det vi har å takka for at vi fekk so pass gjort for dei midlane me hadde å gjera med. Når no byggjenemndi sluttar av sitt arbeid, vil me gjerne ved dette høve takka alle som har hjelpt oss.

Me takkar arkitekt Meidell for dei gilde teikningane og vi takkar byggmeister Johs. Wang som har vore leiar for godt og velgjort arbeid. Vi takkar og alle handelsmennene, -både trelasthandlaren og dei hine handelsmenni for imøtekommenhet med oss.

Vi takkar og dei karane som har gjort glasi og dørane.

Vi sender og ei inderleg takk til alle som har hjelpt friviljug og for dei kjærkomne pengegåvene og gåver på annan måte.

Takk og til dei som har gjeve råd og rettleiing og velmeint kritikk. Om eg i tankeløysa har gløymt nokon, so orsak meg og tak imot nemndi si beste takk for den hjelp de har gjort.

Til sist vil so nemndi få takka for seg, - for den tillit og forståing som både folket og bygdi har synt oss.

Nemndi veit vel at ho ikkje har makta løysa denne si oppgåva som ho gjerne vilde og burde.

Men vi har likevel prøvt å gjort vårt beste so langt vi rakk. Likevel har det vore ein hugnad å vera med i arbeidet. Og den interessa og samhug som folket har synt dette tiltaket, har letta arbeidet for memndi meir enn de trur. Ikkje minst har det vore gildt å vita at so mange av dei eldre har vore med og gjeve si verdfulle hjelp.

Dei har på denne måten synt at dei gjerne vilde hjelpe ungdomen med å reisa dette Helgheim, til gagn og gleda for dei kjære borni sine.

Og no trur eg deira fyrste ynskje er at huset verkeleg må verta til gagn og gleda og til velsigning. Dei unge er takksame for alt dette og eg trur dei vil kjenna ansvaret dei får i fylgje med huset. Ungdomslaget vil få likare vilkår å arbeide under heretter, skulde vi vona, men det er ikkje det same som at eit godt lagsarbeid vil gå av seg sjølv, - langtifrå.

Laget vil nok få større arbeidskraft og sjølvstende, men og meir av det slaget som vil riva ned og øydleggja eit godt arbeid millom ungdomen. Eg vil kje her til å rekna upp alle dei farer og freistingar som eit lag bør vera på vakt mot, ein vaken ungdomsflokk vil sjølv sjå langt når det gjeld desse ting.

For den soga og livsrøynsle som ungdomslagi har fenge, fører ein tydeleg tale. Ein manande tale um korleis det går dei lag som ikkje kan halda seg uppreist i striden.

Eg kjem i hug kva eg har lese um eit dalføre burte i Millomaustrika. Det bur lite folk i dette dalføre, men alle held til oppetter lidene og fjellssidene. Ingen bur nede i dalbotn, endå so freistande fagert det er.

Og grunnen er den at der nede ligg alltid ein fårleg gass. Den gassen er av det slaget at han er tyngre enn den friske lufta og difor ligg han berre langs den flate fagre dalbotn. Akkurat so høgt at um ein går uppreist held ein hovudet yver gassen. Men hender det at nokon set seg ned, so vert dei fårleg sjuke. Og når det hender at nokon i tankeløysa legg seg ned, so reiser dei seg all dri meir.

5.

Er det ikkje noko liknande i ungdomslivet og menneskelivet i det heile? Berre dei som i sitt liv og i sin gjerning er vakne nok og viljesterke nok til å leva over gassen og kan dermed halda seg frisk og livsfør.

For den livsfarlege gassen ligg i alle dalføre og i alle bygder og byar når dei kjem lågt nok. Og han øyder so mykje gilde menneskeliv.

Byggjenemndi ynskjer at U. ul vert eit av dei lag som ber hovudet sitt so høgt og fritt at det ikkje tek skade av det som ligg der nede. Eit slikt lag vil gjera ungdomen meir før til livet og til gode livstenarar. Ein slik ungdomsflokk vil ikkje setja størst pris på kongens stempel eller andre uthengsskilt, men etter det store utsyn, - det store utsyn ~~der~~ ~~der~~ som gjev livsklårleik og livstryggleik.

Det var ein gong ei ~~folkestamme~~ folkestamme som budde i landskapet kring eit høgt fjell. Dei hadde ein mektig og klok høvding og ein dag sa han til mennene sine at han vilde gjerne sjå kven som kunde nå høgst upp på dette fjellet.

Og for at høvdingen vilde hava eit prov for kor høgt kvar hadde nått, sa han dei skulde føra med seg heimatt noko som prova kor høgt dei hadde nått.

Og so tok dei i veg. Um ei tid kom den fyrste att med ei grangrein i handi. Sjå her, sa han, so høgt nådde eg.

Vel sa høvdingen, eg ser og skynar.

Litt etter kom den andre att med ei grein av fjellbjørk. So langt nådde eg sa han.

Noko seinare kom den tridje att, trøytte og sliten men såg lite nøgd ut. Han hadde med seg ein liten dott med fjellmose.

Det leid mot kvelden for den siste kom. Og han hadde lite att både av klær og skor, men han smilte då han gjekk fram for høvdingen. Kor har du provet ditt for kor langt du nådde?

Eg har kje noko prov som eg kan syna deg herre, sa den trøytte men smilande mannen, - dit eg nådde fann eg ingen ting eg kunde taka med meg og syna deg, men eg fekk sjå havet herre. Godt, sa høvdingen, eg ser og skynar alt, - du har vunne.

Kunde ungdomslaget vårt gjeva medlemene sine kveik og nøring som skaper lengten mot høgdm og det store utsyn so er ungdomslaget og huset her stor glede og gagn.

Med desse ordi gjev byggjenemndi huset til ungdomslaget og ynskjer Lukka til.

6.

Til disposisjon.

I bank pluss rentor	kr. 3518,02	
I kassa	366,79	
Kvinnhersstemna og julefest	<u>406,16</u>	
	4297,97	kr. 4297,97
Uppteke lån i Kvinnhersbanken	4500,-	
minus løyst grunn	<u>500,-</u>	
		4000,-
Innsamling(under bygging)		<u>260,-</u>
		kr. 8550,97

Utlåger

Teikning	kr. 233,-	
Arbeidspengar	1252,70	
Trematr. cement,tak	5629,59	
Glas og dører	666,-	
Spikar,dørtrykkarar,jarn	380,32	
Omn	100,-	
Transport med bil og motor	45,-	
Sand	58,50	
ymse(sjukekasse,assuranse,porto, telefom,leige av cementelt.)	<u>35,52</u>	
		<u>kr.8563,13</u>
		kr. 13,16
+ riksforsikring		<u>30,-</u>
Underbalanse		<u>kr. 43,16</u>

Yverslag yver kva Helgheim kostar.

Kostnadsutlegg	kr. 8563,-	
515 friviljuge dagsverk a. kr. 4,-	2060,-	
Gåvor: cement,sand,rabøtt på spikar	212,-	
Friviljuge bilkøyring,motorbåt til Eide	80,-	
Ymse:smedarbeid og onnor hjelp	<u>85,-</u>	

til saman

11000,00